



Trenar Yngve Guddal snakkar med G-13-laget før kampen. No er dei klare for A-sluttspel.

Vår utsende rapportør melder om ein ny flott dag på Norway Cup. Humøret er på topp, og alle laga har gjort ein god innsats, men for nokre av laga vart motstanden for sterk i dag. Imponerende er det at både G-13-laget og J-15/16-laget(Rosendal1) alt er klare for A-sluttspelet trass i at det gjenstår ein runde i det innleiande gruppespelet.

G-13-laget møtte Stegaberg, og det viste seg å vera overkommeleg motstand. Laget hadde full kontroll gjennom heile kampen, og vann til slutt 2-0. Det vert meldt at motstandarane ikkje hadde skot på mål gjennom heile kampen. Måla vart scora av Kristoffer Eskeland og uskedelingen Sondre Myklebust. Sondre var og farleg frampå fleire ganger og var nær fleire scoringar.

J-15/16-laget møtte Hadeland som er kjent for å ha gode jentelag. Det viste seg å halde stikk, og etter at Hadeland var best i starten, var det ein jamn førsteomgang og stillinga ved pause var 0-0. Eit moment her er at banen ikkje var heilt flat, og Rosendal hadde litt 'oppoverbakke' i første omgang. Dette tok dei att i fullt monn i andre halvdel. Midtvegs i omgangen gav det resultat, og Silje Øyre sette inn 1-0 målet. Kampen stod framleis og vippa, og Hadeland hadde m.a. eit farleg skot i stolpen. Like etter punkterte Tina Skår kampen då ho sette inn to kjappe mål. Og ikkje nok med det. Like før slutt sette Mariell V. Gjuvsland inn nok eit mål, og dermed vart sluttresultatet imponerende 4-0.

Begge desse laga er klare for A-sluttspelet etter dagens kampar.

I tillegg til Sondre Myklebust teikna og ein annan uskedeling seg på scoringslista i dag. Marius Myklebust scora eine målet for G-13/14-laget då dei tapte 2-4 mot Skavøypollen. Det andre målet var sjølvsmål.

Resultat og målscorarar i dei resterande kampane:

J-15/16: Rosendal 2 - Brattvåg 2-2(Ingeborg Sundal Ljostveit og Nathalie Skår)

J-14: Rosendal-Surnadal 0-5

G-15/16: Rosendal-Skedsmo2 1-2(Simon Kortila)

Imorgon ventar nye kampar, og vi håpar fleire kvalifiserer seg for sluttspel. Vi minner om at dei som vil oppleve

spenninga, kan følgja med på live-dekninga på Facebook.

<https://www.facebook.com/#!/pages/Rosendal-Turnlag/153027638086804>

Her er morgondagens kampoppsett:

J-15/16: Rosendal 2 - Romsås, kl.17.30

J-15/16: Rosendal 1 - Sokndal, kl.13.45

J-14: Førde 2 - Rosendal, kl.10.00

G-13/14: Rosendal/Uskedal - Åheim, kl.17.30

G-13: Husøy & Foyland - Rosendal/Uskedal, 10.00

G-15/16: Rosendal - Vestby, kl.11.00

Tekst: Thor Inge Døssland

Foto: Privat/Rosendal Turnlag.



Stor lokal supportargjeng!!